



Gol kommune

Internt notat

Til: Arne Fredriksen/Økonomiavdelinga

Dato: 26.02.2015

Fra: Britt Vikane

Referanse: 15/00632-2

Kopi:

Årsmelding - Gol ungdomsskule

Årsmelding Gol ungdomsskuleskule 2014 (Kultur og levekår)

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og fråvær 2014 (%)

Ansvar:	Ansvarsomgrep:	Evt. endringar:	Stillingsh. (2014)	Fråvær 2014
3114	Gol ungdomsskule		28,92(27,18)	4,6%

Fordeling – lønsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

<i>Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)</i>			
	R 2013	Just B 2014	R 2014
Sum driftsutgifter	20 697	20 332	22 045
Sum driftsinntekter	-150	-150	-1 891
Netto finansutg.	-1 859	-	-40
NETTOUTG.	18 688	20 182	20 114

Utvikling løn korrigeret for refusjonar sjukefråvere (alle tal i heile 1.000 kr):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Netto-løn:	14.282	14.271	14.311	14.797	15.736	17.338

Avvik – reknekap:**Rekneskap:**

- Rekneskapen for 2014 viser eit overskot på 68.000 i forhold til justert budsjett.
- Lønnspostane viser til saman eit mindreforbruk på om lag 100.000
- Det er eit samla overforbruk på varer og tenester på om lag 1 mill. kroner. Dette omfattar mellom anna kjøp av tenester for alternativ opplæring utanom skulen, for elevar med spesielle behov. Gol ungdomsskule dekkjer utgifter til 0,33% stilling, som ligg til Gol bibliotek. I desse postane ligg òg ekstrautgifter i samband med MOT.
- Det er eit overforbruk på kjøp av tenester på om lag 780 000 kroner. Dette er kjøp frå andre kommunar og gjeld elevar som er fosterheimsplasserte i andre kommunar
- Refusjonar og tilskot er på om lag 1. 7 mill. kroner meir enn det er budsjettert med i revidert budsjett 2014.
- Gol ungdomsskule har eit samla fråvere på 4,6% i 2014. Dette ein nedgang frå åra 2011 – 2013. Kortidsfråveret er i 2014 på 1,6%.

Mål og måloppnåing 2014:

Mål:	Mål i ord:	NådNådNd?	Årsak til avvik:
Læringsresultat Læringsstrategiar Læringsmiljø	Tilstandsrapport for 2014 vil rapportere på desse områda		
Ny skule for 1.-10. trinn	Arbeid med planlegging og etablering av nye Gol skule i 2016		
Målet er at alle lærarar skal ha godkjend pedagogisk kompetanse og dekkje krav til fagkompetanse i dei faga dei underviser i.	Vi treng kompetanseheving i faget matematikk. Vi har dette skuleåret 2 lærarar på vidareutdanning i faga matematikk og naturfag. Vi Ein lærar ved skulen har manglar formell pedagogisk utdanning.		
Skulen må bli betre på å førebyggje, avdekke og handtere krenkjande ord og handlingar. Medverke til å utvikle sosial kompetanse	Kompetanseheving er gjennomført, og skulen ha tatt i bruk verktøy for å avdekke og stoppe skjult mobbing. ART blir nytta i alle trinn. Frå januar 2015 er 8. trinn i gang med <i>Kjærlighet og grenser</i> -eit program for elevar og føresette, som skal bidra til å byggje foreldrenettverk og lære sosial kompetanse. Gol ungdomsskule er MOT skule.		Dette er eit kontinuerleg arbeid. Målet om mobbefri skule kan aldri seiast å vere nådd
Kunne tilby elevane fleire tilvalsfag frå hausten 2015, som eit alternativ til språkfag	Vi ynskjer å til tilby valfaget fordjuping i matematikk på 8. trinn frå hausten, som eit alternativ til språkfag. Faget arbeidslivsfaget blir eit tilbod på 8.		

	trinn frå hausten 2015. Det er eit praktisk retta fag, som og er eit alternativ til språkfag		
--	---	--	--

Mål og tiltak 2014:

Personell

- Mål: Vi vil halde fram med å ha eit fokus på eit godt arbeidsmiljø, der tilsette kjenner seg sett og høyrte, og vere opptatt av å veilede tilsette arbeidet deira. Framover skal dei tilsette i grunnskulen i Gol jobbe i fellesskap mot ein ny skulekultur 2016.

Tiltak: Sette av planleggingstid for å førebu flytting og opning av ny skule.

- Mål: Halde fram med å redusere sjukefråvær.

Tiltak her er tilpassing av arbeidsoppgåver for dei som treng det.

Organisasjon

- Planlegging av innflytting og etablering av ny skule hausten 2016, på alle nivå.
- Halde trykk på læringsutbyte og vurderingsarbeid i alle fag, med spesielt trykk på matematikkfaget.

Mål: er at Gol ungdomsskule skal vere eit høgare fokus på læring, læringsutbyte og vurdering for læring. Organisasjonen sitt satsingsområde er vurdering for læring og faget matematikk.

Målet er å sjå resultat og endringar hjå elevane.

Det er eit mål og ha eit godt heim – skule samarbeid, der vi legg til rette for at føresette og skulen kan he eit godt samarbeid om eleven.

Tiltak: vi er i gang med utviklingsarbeid i matematikk knytt mot matematikkseksjonen, evaluering i løpet av 2015.

Leiinga ved skulane samarbeider og planlegg, saman med skuleeigar, etablering og overgang til nye Gol skule hausten 2016.

Kompetanse

- Rekruttere godt kvalifisert pedagogar og fagarbeidarar

Mål: Alle lærarar bør ha pedagogisk kompetanse og dekkje krav til fagkompetanse i dei faga dei underviser i.

Tiltak: Tilby støtte til vidareutdanning med jamne mellomrom

Teneste/aktivitet

- Sjå tilstandsrapport 2013

Utfordringar 2014:

- Skuleåret 2015-2016 er det siste året på Gol ungdomsskule. Tida framover vil vere prega av flytting og å samarbeid med gol skule for ein felles skulekultur. Ein skal samstundes halde oppe læringstrykket, faglege innsatsen, og motivasjon for læring. Ein skal og ha eit fokus på eit trygt læringsmiljø og godt arbeidsmiljø.

